

Kva skjer viss det blir oppdaga at du har hjelpemiddel som ikkje er tillatne under eksamen?

MOBILTELEFONAR / DATAKLOKKER

Under eksamen skal mobiltelefonen og dataklokker slåast av og leverast inn. Dersom det blir oppdaga at telefonen og eller dataklokka ikkje er levert inn og slegen av, vil dette bli rekna som forsøk på fusk. Konsekvensen kan bli annullering av eksamen. Fusk på eksamen fører til at ein tidlegast får ta eksamen i faget om eitt år.

OMSETTINGSPROGRAM

På dei fleste eksamenar er alle hjelpemiddel tillatne. Unntak er Internett og andre verktøy som tillèt kommunikasjon. For norsk og framandspråka er heller ikkje omsettingsprogram tillatne.

Dersom det blir funne ulovleg omsettingsprogram på PC-en under eksamen, vil dette bli rekna som forsøk på fusk. Konsekvensen kan bli annullering av eksamenen. Fusk på eksamen fører til at ein tidlegast får ta eksamen i faget om eitt år.